

# Dale kollektivhaldeplass – planID 4628-2021002

## Reguleringsføresegner

**Saksnr:****Dato sist revidert:** 24.03.2023**Vedteken:**Verknader av planen.

Detaljreguleringsplanen er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova (Pbl.) § 12-5. Føresegnene er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk jf. Pbl. § 12-4. Føresegnene inneheld både generelle føringar som gjeld for fleire arealbruksføremål og særskilde føresegner knytt til det einskilde arealbruksføremålet.

Den formelle delen av planen er:

Plankart i målestokk 1:1000, datert 24.03.2023

Føresegner datert 24.03.2023

Føremålet med planen

Føremålet med planen er å leggje til rette for eit samla kollektivpunkt for regionale bussruter, skuletransport og parkeringsplassar som kan nyttast til hente- og bringefunksjonar, samt av besøkjande til skulen/symjehallen. Hensikten er å auke trafikktryggleiken ved å samle busshaldeplassane til eitt område med ei sentral plassering.

## REGULERINGSFØRESEGNER

(pbl § 12-7)

### § 1 Generelt

---

#### § 1.1 Planområdet

Planområdet skal nyttast til følgande føremål:

**Bygg og anlegg (pbl § 12-5 ledd nr 1)**

Bustader (B)

Undervisning (UN)

Bustad/forretning (BKB)

**Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5, ledd nr 2)**

Veg (V)

Køyreveg (KV)

Fortau (FO)

Gatetun (GT)

Anna veggrunn – grøntareal (AVG)

Kollektivhaldeplass (KH)

Parkering (PP)

## § 2 Felles føresegner for heile planområdet

---

### § 2.1 Universell utforming

§ 2.1.1 Samferdselsanlegg og bygg med funksjonar retta mot publikum skal ha universell utforming.

### § 2.2 Estetisk utforming

§ 2.2.1 Alle tiltak skal ha god utforming og materialbruk. God tilpassing til omgjevnadene skal vektleggast.

### § 2.3 Terrengbehandling

§ 2.3.1 Terrengingrep i samband med tiltak i planen skal skje på ein skånsam måte. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på.

### § 2.4 Verneverdiar kulturmiljø/naturmangfald (§ 12-7 nr. 6)

§ 2.4.1 Dersom det under anleggsarbeidet vert avdekka ukjende kulturminne, skal arbeidet stoppast med ein gong, og rette mynde kontaktast, jamfør undersøkingsplikta i Kulturminnelova § 8.2.

### § 2.5 Juridiske linjer, eksempelvis støyskjerm, støttemur, sikringsjerde (§ 12-7 nr.1 og 4)

#### § 2.5.1 Støyskjerm

Regulert støyskjermelinje er eksisterande skjerm langs skuleområdet i grensa mellom fortau o\_FO1 og o\_UN.

## § 3 Rekkefølgeføresegner (§ 12-7 nr. 10)

---

### § 3.1 Før rammeløyve

§ 3.1.1 Til byggjesøknad for samferdselstiltak skal det utarbeidast tekniske detaljteikningar/ byggjeplanar som syner at dei trafikale omsyna vert ivaretekne.

§ 3.1.2 For alle tiltak som påverkar trafikktilhøve skal det utarbeidast ein plan for anleggsfasen som syner avvikling av trafikk, og tiltak som sikrar trygg ferdsle for mjuke trafikantar.

## § 4 Føresegner til arealformål

---

### § 4.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

#### § 4.1.1 Bustad (B)

Føremålet skal nyttast til bustadføremål i samsvar med eksisterande bruk.

#### § 4.1.2 Undervisning (o\_UN)

Føremålet skal nyttast til undervisning. Det kan etablerast støyskjerm innanfor føremålet, som vist på plankart.

### § 4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

#### § 4.2.1 Felles for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

§ 4.2.1.1 Trafikktryggleik skal vektleggast ved detaljutforming av tiltak for samferdsel.

§ 4.2.1.2 Innanfor planområdet skal areal regulert til samferdselsformål ha god belysning.

§ 4.2.2 Kollektivhaldeplass (o\_KH)

Innanfor føremålet skal det opparbeidast busshaldeplass i form av eit kantstopp med. Kantstopp skal nyttast til av- og påstiging for bussar i rute, og det er ikkje tillat med regulering/lengre stopp. Det kan førast opp leskur innanfor føremålet. Gangsone skal sikrast framfor leskur. Det kan settast av areal til sykkelparkering, forutsett at det ikkje er til hinder for dei gåande, eller for frisikten i krysset.

§ 4.2.3 Køyreveg (o\_KV1-2)

Føremålet er avsett til køyreveg. Det kan etablerast opphøgd fotgjengarfelt i o\_KV2 ved krysset mot o\_KV1.

§ 4.2.4 Fortau (o\_FO)

Fortau skal opparbeidast med fast dekke. Ved avkøyrslar skal det vera nedsenka kantstein. Det kan etablerast sykkelparkering på fortauet, forutsett at det ikkje er til hinder for gangsone eller frisiktsone.

§ 4.2.5 Parkering (o\_PP)

Arealet er avsett til parkeringsplassar langs Dalseidvegen.

## **§ 5 Føresegner til omsynssoner (§§ 12-6, 12-7 og 11-8)**

---

### **§ 5.1 Sikringszone (§ 11-8 a)**

§ 5.1.1 Frisikt (H140)

Alle kryss og avkøyrslar skal ha fri sikt i samsvar med handbok N100, veg- og gateutforming. Det kan ikkje førast opp konstruksjonar eller element i frisiktsonene som hindrar fri sikt etter føresegner i veglova. Vegmynde kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Det skal vera fritt for sikthindringar høgare enn 0,5 meter over tilhøyrande veg/avkøyrslar sitt nivå. Så lenge krav til tryggleikssone er teke hand om, kan enkeltståande tre, stolpar og liknande stå i frisiktsonene jf. gjeldande reglement.